

Stordal IL satsar stort på alpint – har 50-60 aktive ungdom

Stordal Alpin blir stadig større. Her fotografert i Stordalshallen i haust (foto Stordal Alpin)



Sidan siste halvdel av nittitalet har aktiviteten i alpin skisport teke seg kraftig opp i Stordal.

BB • EDMUND MELKILD

- Vi har i dag 50-60 aktive barn og ungdom i alderen frå fem til sytten år, seier pressekontakt i alpingruppa, Magne Tøsse. Det er eit høgt tal for ei bygd med knappe tusen innbyggjarar. - På heile åttitalet låg alpinaktiviteten nede, etter ein bra periode på syttitalet. Det var dei som var aktive på den tida som byrja å bygge opp igjen aktiviteten på siste halvdel av nittitalet.

Utbygging

- I dei siste åra har det også vore ei god utbygging av alpinanlegget ved Arena Overøye. Vi har eit godt samarbeid med dei, og

utbygginga der er svært viktig for alpingruppa si store satsing. Mellom anna vart det sett opp eit nytt barnetrekk for 5 år sidan, noko som er verdifullt for dei aller yngste.

Dugnad

For at det skal la seg gjere å halde i gang ein så høg aktivitet, er ein i stor grad avhengig av mykje dugnadsarbeid. - Når vi no er blitt ei så stor gruppe, er det etterkvart fleire foreldre å ta av. Den høge aktiviteten er nokså kostnadskrevjande, og det blir lagt ned mange dugnadstimar under tilstellingar av forskjellige inntektsbringande arrangement. Samtidig jobbar vi aktivt ut mot sponsormarknaden.

Både topp og breidde

- Dei beste utøvarane i alpingruppa har alt nådd eit svært høgt nivå. Erika Holand Tøsse, Vegard



Fotomontasje: Vegard Busengdal gjekk heilt til topps i Hovudlandsrennet 2008, og vart nr. 2 i "VM" (Foto Stordal Alpin)



Jørgen Vinje Tøsse etter sin 4. plass i "VM" for 14 og 15-åringar i Italia sist vinter. (Foto Stordal Alpin)



Erika Holand Tøsse har 4. plass i "VM", og mellom anna bronse frå Hovudlandsrennet. (Foto Stordal Alpin)

Busengdal og Jørgen Vinje Tøsse køyrer i 16-17-årsklassen. I tillegg har vi Ingrid Busengdal i 14-15-årsklassen. Etterveksten bak desse er god, og vi ser at breidda i dei yngste klassane er svært stor. Vi merkar oss at treningsvilja til utøvarane i alderen frå 8 år og oppover er høg. Gledeleg er det også å sjå at talet på jenter i gruppa er stort.

Toppidrettsklasse

Både Erika Holand Tøsse og Vegard Busengdal går første året ved den nyoppretta toppidrettsklassen ved Stranda Vidaregåande Skule. Her finn vi mellom andre Erik Skaslien som er tilsett som hovudtrenar, og han er kjent som ein av dei best kvalifiserte

alpintrenerane i landet. Alle klubbane i skikretsen dreg nytte av kompetansen og trenarkreftene ved skulen. Også dei to yngre utøvarane Jørgen Vinje Tøsse og Ingrid Busengdal hospiterer i periodar på skilinja ved Stranda.

Topp internasjonalt nivå

Dei 4 nemnte utøvarane kan vise til fleire toppresultat både på nasjonalt og internasjonalt nivå. Sist sesong fekk Ingrid Busengdal ein 7. plass i Hovudlandsrennet, som fungerer som NM for dei yngre klassane. Jørgen Vinje Tøsse oppnådde ein 4. plass i same konkurransen. Han vart teken ut blant utøvarane som representerte Noreg i den uoffisielle verdsmeisterskapen i Italia. Der

vart han beste norske med ein 4. plass. Sesongen 2008 vann Vegard Busengdal klassen sin i Hovudlandsrennet, medan han vart nummer 2 i "VM". Same sesong fekk Erika Holand Tøsse bronsemedalje i Hovudlandsrennet, medan ho vart nummer 4 i "VM".

Gode trenarkrefter

- Alpingruppa i Stordal IL er godt besett på trenarsida. Vi har heile fire trenarar med C-kurs i klubben. I tillegg har vi intern opplæring. Dette gjer at vi no kan sjå lyst på utviklinga for alpinsporten her i Stordal, avsluttar Magne Tøsse.